

Avtale om årsoppgjørrevisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt årsrekneskap for 2019 inkl. attestasjonsoppdrag.

Det er inngått følgende avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kontrollutvalet (oppdragsgivar) og Sogn og Fjordane Revisjon IKS (oppdragstakar)

Oppdragsgiver	Sogn og Fjordane fylkeskommune		<i>Adresse:</i> Askedalen 2 6863 LEIKANGER	
	<i>Kontaktperson:</i> Einar Kåre Ulla		<i>Telefon/mobil/e-post:</i> 57638051/97190734/ Einar.ulla@sfj.no	
Oppdragstaker	<i>Sogn og Fjordane revisjon IKS</i> <i>Org.nr.: 987 803 223MVA</i>		<i>Adresse:</i> Askedalen 2 6863 LEIKANGER	
	<i>Kontaktperson:</i> Marianne Vara		<i>Mobil/e-post:</i> 41530961/post@sf-revisjon.no	
	<i>Org.nr./personnr.:</i> 987 803 223MVA		<i>Oppdraget utføres av:</i> Marianne Vara Tlf: 415 30961 Marianne.vara@sf-revisjon.no	
Oppdragets navn	Årsoppgjørrevisjon inkl. attestasjonsoppdrag			
	<i>Startdato:</i> 01.01.2020	<i>Avslutningsdato:</i> 30.06.2020	<i>Arbeidssted:</i> Hermansverk	
Spesifikasjon av oppdraget	<p>Oppdragsbeskrivelse: Gjennomføre årsoppgjørrevisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt årsrekneskap for rekneskapsåret 2019 og utføre attestasjonsoppdrag som gjeld rekneskapsrapportar knytt til Sogn og Fjordane fylkeskommune sine årsrekneskap for 2019 eller tidlegare år.</p> <p>Føremål: Utarbeide revisormelding for Sogn og Fjordane fylkeskommune for rekneskapsåret 2019. Frist er 15.04.2020.</p> <p>Utarbeide andre revisoruttaler etter behov med vising til krava i ISA 805 eller ISRS 4400 «Avtalte kontrollhandlingar».</p> <p>Gjennomføring: Oppdraga vil bli gjennomført i samsvar med gjeldande lover og regler og god kommunal revisjonsskikk.</p> <p>Ved utføring av revisjon inngår heile revisjonsprosessen frå planlegging fram til den endelege revisjonsmeldinga er klar. Viser til framlagt revisjonsplan for kontrollutvalet for tidlegare revisjonsår og statusrapportering gjennom året.</p>			

Viktige fristar i samband med årsrekneskap og årsmelding:

15. februar: Avslutta årsrekneskap vert oversendt revisor.
31. mars: Årsmelding vert avlagt (rådmann)
15. april: Frist for melding frå revisor

Metodikk

Sogn og Fjordane revisjon nyttar revisjonsmetodikken i samsvar med krava i revisjonsstandarane for å sikra høg kvalitet som er tilpassa kommunale rekneskap.

I tråd med internasjonale retningslinjer og eigen kvalitetsmanual blir alle oppdrag vurdert i forhold til gildskap, interessekonfliktar etc. både ved start og under vidare prosess.

Kvalitetskontroll

Revisjons- og attestasjonsoppdrag blir utført i samsvar gjeldande standardverk. Dette er fastlagt i interne retningslinjer for kvalitetskontroll og i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISCQ-1). SF revisjon IKS har egne manualar for intern kvalitetskontroll. I tillegg er selskapet underlagt NKRF sin forbundsbaserte kvalitetskontroll¹, som sikrar at selskapa minst kvart 6 år blir kontrollert på at arbeidet og dokumentasjonskrava i revisjonsstandardane for rekneskapsrevisjon (ISA-ene)

Oppdragsgivars ansvar

Oppdragsgivar skal sørge for at oppdragstakar får nødvendig tilgang til arbeidsplass, årsrekneskap, regnskapsmateriale mv. innan lovfesta fristar og at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar i forhold til gjeldande lover og reglar og god kommunal rekneskapsskikk. Det er ein føresetnad for at oppdragstakar skal kunne halde sine fristar.

Frist for overlevering av attestasjonsoppdrag er 23.06.2020

Andre forhold

Sogn og Fjordane revisjon IKS arbeider for tida med å få til ein fusjon. Ved ein fusjon overtar det nye selskapet; Vestland revisjon KO; oppdraget.

Ekstraordinære forhold

Dersom ekstraordinære forhold hos en av partane gjer det vanskeleg å gjennomføre oppdraget som avtalt, skal dette straks tas opp med den annan part. Dette kan f.eks. vere ved sjukdom e.l.

Tvist

Tvist som gjelder forståing av denne kontrakten eller som for øvrig springer ut av kontraktsforholdet, skal søkjast løyst ved forhandlingar. Dersom einigheit ikkje vert oppnådd skal tvisten avgjörast i henhold til norsk rett.

¹ http://www.nkrf.no/vedtekter/cms/45#Reglement_for_kvalitetskontrollen

Framdrift	Oppdraget gjennomførast i perioden 01.01.2020 – 30.06.2020.		
Pris og betalingsvilkår	<i>Pris</i> Kr. 680 000,- ekskl. MVA		
Spesifikasjon av tilleggsgodtgjørelser	Dersom rekneskapan inneheld vesentlege feil og/eller manglar jf. over som medfører ekstraarbeid utover 30 timar kjem det i tillegg. Timepris for ekstra arbeid utgjør kr 1100,- ekskl. mva. Oppdragsgivar vil bli orientert om eventuell ekstra arbeid undervegs.		
Spesielle vilkår	Avtalen vert inngått med føresetnad om budsjettmessig dekning i budsjett for Vestland fylkeskommune 2020.		
For oppdragstaker	For oppdragsgiver		
Marianne Vara	Frank Willy Djuvik		